

Eventyrskogen

Prestegarden er eit fint utgangspunkt for ein tur i Eventyrskogen. Her kan du parkere gratis. Gå over vegen for parkeringa og gjennom grinda for å kome til stien til Eventyrskogen. Pass på å lukke grinda, der kan vere sauer på beite.

Det går ikkje lang tid før du ser at dette blir ein tur utanom det vanlege, det dukkar opp ulike figurar både på bakkenivå og i trea. Etter rundt 400 meter må du passere eit gjerde. Det er sett opp ein stige til å klatre over, men om det er store hundar med på turen kan dette bli litt utfordrande.

Etter 700 meter kan du ta til venstre og utforske «Hulderbo». Her heng klede og kjøkkenutstyr i trea, og om du ser godt etter kan du kanskje sjå ho som bur der også. Like etter kjem du til eit område der det er fint å raste. Her er fleire benkar, og om det er dårleg vêr kan ein søke ly i Eventyrhytta. Herfrå er det skilta til dei andre delane av Eventyrskogen, samt Sethsdemma.

Turen i Eventyrskogen bør takast som ein rundtur. Frå rasteplassen går du opp til «Trollhula» der du kan ringe på hos trollfamilien. Følg stien vidare austover til Alveskogen og deretter Trollmyra. Her finn du mange heimelaga små steintroll. Alle er velkomne til å ta med eit troll og plassere langs råsa. Det er også i dette området ein finn den kjempestore Trollstolen. Vidare kjem du til eit utandørsbibliotek, Trollhaugen, Bukkene Bruse-brua og Elvedalen. Her er det lagt til rette for å kunne tenne bål når det er sesong for det.

Sethsdemma

Etter Elvedalen følgjer du vegen tilbake til Prestegarden. På vegen går du forbi Sethsdemma. Turen rundt demma er på ca. 600 meter og er universelt utforma. Ved parkeringsplassen står ein gapahuk med bålpanne og diverse leiker for barna. Halvvegs rundt vatnet står ei grillhytte til fri bruk. Det går også an å prøve fiskelykka i vatnet. Inkludert demma er denne turen på like over fire kilometer.

Du finn kart over Eventyrskogen på ferjekaia på Lepsøya. Området vert vedlikehalde på dugnad. Dersom du ønskjer å støtte arbeidet finn du Demma og Eventyrskogen på Vipps.

Parkering

Frå ferjekaia køyrer du opp på hovudvegen og tek til høgre. Følg vegen 1,3 km. Her kan ein parkere gratis ved Prestegarden. Du kan også setje bilen att på Skjeltene ferjekai (gratis parkering), eller du kan ta hurtigbåten til Lepsøy. Sjekk rute på framnr.no eller ring 117.

Turtips:

www.friluftsradet.no
www.morotur.no
www.godtur.no

Turkorta til friluftsrådet kan lastast ned som pdf-filer frå www.friluftsradet.no

Utgitt med støtte frå:

- Friluftsrådenes Landsforbund
- Møre og Romsdal fylkeskommune



Layout/trykk: Jons Kontor AS



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Sunnmøre friluftsråd



HARAM
KOMMUNE

Eventyrskogen og Sethsdemma

Eventyrskogen på Lepsøy er ei oppleving for både store og små. Her er mykje å utforske, så hugs å rekne god tid!



Turveg - gul



Parkering



Rasteplass



Utkikkspunkt



Badestrand



Bål plass



Gapahuk



Bru



Fiske



Leikeplass



TURKORT!

Turkort er ein serie minifaldarar om gode turmål gitt ut av Sunnmøre friluftsråd. Dette turkortet er trykt i 2017.



Sunnmøre friluftsråd



Eventyrskogen

